| Lengde på faste renter | Gjennomsnittlig rentebinding på lån med faste renter og rentesikringsavtaler og sier noe om forutsigbarheten på kommunens faste renter. Rentebindingsperioden for hver enkelt avtale vektet i forhold til summen av alle fastrenteavtalene. |
| Likviditetsutvikling | Viser faktisk likviditetsutvikling og beste anslag på likviditet gjennom året. |
| Løpetid på lån | Angir nedbetalingstid på samlet gjeld. Nedbetalingstid er normalt i samsvar med investeringsens levetid. I senere år er det blitt mer vanlig med kortere løpetid. Lånet må da refinansieres før investeringen er nedbetalt. Refinansieringsrisiko gjør at Kommunen derfor skal rapportere alle lån som må refinansieres innen de kommende 12 måneder. |
| Lån med rentedekning | Lån hvor rentekostnader er eksternfinansiert: a) alle lån med rentekompensasjon fra staten b) alle startlån og andre lån kommunen har lånt ut videre c) alle lån knyttet til vann, avløp og renovasjon (VARF-området) |
| Lån med rentekompensasjon fra staten | For å stimulere til rehabilitering og nybygg av skoler og svømmeanlegg, samt sikring og bevaring av kirkebygg mv. yter staten rentekompensasjon for påløpte kostnader til prosjektet. Ordningen med rentekompensasjon til skoler og svømmehaller ble avsluttet i 2016 og utfases over en 8 års periode. |


| Begrep | Definisjon |
|--|---|
| Lån som belaster kommunekassen | Samlede lån fratrukket videre utlån, ubrukte lånemidler og lån finansiert gjennom kommunale avgifter (vann, avløp og renovasjon mv). |
| Lån som må refinansieres innen 12 måneder | Lån som forfaller og som må refinansieres innen 12 måneder. Er ofte avdragsfrie lån som inngår i en portefølje av lån med ulike løpetider. |
| Lån til vann, avløp og renovasjon | Lån til investeringer som finansieres over de kommunale avgiftene basert på selvkostprinsippet. Rentekostnader dekkes av brukerbetaling fra innbyggerne |
| Markedsrente | Generelt uttrykk for rentenivået med ulike løpetider i markedet. |
| Norges Banks styringsrente | Fastsettes av Norges Bank og er renten som banker får på innskudd i Norges Bank over natten |
| 3 mnd. Nibor | Norwegian Interbank Offered Rate. Renten norske banker betaler for å låne seg imellom. |
| 5 års swaprente | Enkelt forklart er det prisen på en 5 års faste rente eksklusiv kreditmargin |
| 10 års swaprente | Enkelt forklart er det prisen på en 10 års faste rente eksklusiv kreditmargin |
| Markedsverdi | Beløpet markedet er villig til å betale for et verdipapir |
| Minimumsavdrag | Kommuneloven stiller krav til laveste avdragsnivå på lån. Summen av alle lovpålagte avdrag utgjør kommunens årlige minimumsavdrag. Budsjettert avdrag må minst være på nivå med kommunens minimumsavdrag. |
| Netto gjeld | Kommunens samlede innlån fratrukket videre utlån og ubrukte lånemidler. |
| Netto gjeld pr. innbygger | Netto gjeld delt på antall innbyggere i kommunen. |
| Obligasjoner, aktiva | Plassering i et rentebærende verdipapir med løpetid over 1 år og avtalt årlig rente. Dette kan være enkeltstående obligasjoner eller plassering i et obligasjonsfond. |
| Obligasjoner, gjeld | Et lån kommunen tar opp ved å legge ut et rentebærende gjeldsbrev som noteres på Oslo børs. Obligasjoner er vanligvis et lån med fast rente som har løpetid på minst ett år. |
| Pengemarked, aktiva | Plassering i et rentebærende verdipapir med løpetid under 1 år. Dette kan være enkeltstående sertifikater eller plassering i et pengemarkedsfond. |
| Rentebinding | Avtalt bindingstid på renten. |
| Rentebytteavtaler | Avtale om fast rente uten at det er knyttet et lån til avtalen. Er et alternativ til lån med faste renter og er vanlig å knytte opp til lån med flytende rente. Rentebytteavtaler er et fleksibelt verktøy for å sikre at kommunens andel med faste renter er i tråd med kommunens finansreglement. |
| Samlet gjeld | Kommunens totale innlån, eksklusive eventuelle pensjonsforpliktelser. |
| Samlet likviditet | Den likviditeten som kommunen har til disposisjon |
| Sertifikater, gjeld | Lån som kommunen kan ta opp ved å legge ut et rentebærende gjeldsbrev notert på Oslo børs. Sertifikater er et kortsiktig avdragsfritt lån som har en løpetid fra 3 måneder til 12 måneder. |
| Stresstest (1 pst) | Viser økonomiske konsekvenser ved en økning i rentenivået. |
| Stresstest av «Netto gjeld med renterisiko» (1 pst.) | Testen viser økning i netto rentekostnader hvis renten øker med 1 % p.a. Testen tar utgangspunkt i kommunens samlede gjeld fratrukket «lån med rentedekning», «kommunens ledig likviditet (penger på konto, men ikke langsiktig aktiva)» og «lån med faste renter». |
| Stresstest av «Gjeld som belaster kommunekassen» | Testen viser økning av rentekostnad som belaster kommunekassen dersom renten øker med 1 % p.a. Testen tar utgangspunkt i gjeld som belaster kommunekassen korrigert for lån med faste renter. |
| Ubrukte lånemidler | Midler som står på bankkonto i påvente av en investering / forbruk. |

| Begrep | Definisjon |
|--------------------------|--|
| Ubundne investeringsfond | Er avsetninger som kommunestyret kan disponere til investeringsformål. Midler på ubundne investeringsfond kan ikke disponeres til drift. |
| VARFS-formål | Lån til investeringer som finansieres over de kommunale avgiftene basert på selvkostprinsippet (vann, avløp, renovasjon, feiing og slam). |
| Vektet | Betyr at en tar hensyn til størrelsen på lånet (store lån teller mer enn små lån). |
| Vektet løpetid på lån | Uttrykk for gjennomsnittlig nedbetalingstid på låneporteføljen. Benevnes også som durasjon. Se definisjon Vektet. |
| Vektet rentebinding | Uttrykk for gjennomsnittlig bindingstid på renten og renteinstrumenter (rentebytteavtaler). Benevnes også som durasjon på rentebindingen. Se definisjon Vektet. |
| Videre utlån | Lån som kommunen har tatt opp for videre utlån til personer og virksomheter utenfor kommunen. Gjelder bl.a. startlån og lån til kommunale selskaper. |
| Øvrig likviditet | Gir et bilde av kommunens likviditet fratrukket fondsavsetninger og ubrukte lånemidler. Dersom Øvrig likviditet er negativ finansieres løpende betalingsforpliktelser av fondsavsetninger, ubrukte lånemidler, kassekreditt eller lån fra kommunens langsiktige aktiva. |

9.5 Disclaimer

Kommuneportalen.no er eid av SpareBank 1 SMN og Finansrapporten er utarbeidet på bakgrunn av innrapporterte tall fra kommunen. SpareBank 1 SMN gir derfor ingen garantier for at innholdet i rapporten er riktig.

Det tas forbehold om at Finansrapporten kan inneholde tekniske unøyaktigheter eller feil. SpareBank 1 SMN fraskriver seg ethvert ansvar for ev. handlinger kommunen måtte foreta seg på bakgrunn av informasjon i finansrapporten.

| | | |
|--|----------------------|------------------------|
|  | Aukra kommune | Arkivsak: 2018/31-31 |
| | | Arkiv: M10 |
| | | Saksbeh: Geir J. Göncz |
| | | Dato: 03.01.2019 |

Saksframlegg

| Utv.saknr.: | Utval: | Møtedato: |
|-------------|---------------|------------|
| 23/19 | Formannskapet | 04.03.2019 |
| 17/19 | Kommunestyret | 12.03.2019 |

Oppstart av prosjekt 648 115 Hovedvassledning Rød - Rindarøya

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner utbygging av ny hovedvassledning frå Rød til Rindarøya innanfor ramma i gjeldande investeringsbudsjett og økonomiplan.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.03.2019

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Særutskrift:

Saksprotokoll i Kommunestyret - 04.09.2018

Behandling

Ordførar Bernhard Riksfjord sette fram følgjande forslag:

1. Kommunestyret løyver 6,1 mill. kroner i tillegg til tidlegare løyvingar for å kunne ferdigstille ny vassledning snarast råd til Rindarøy.

2.Rådmannen får fullmakt til å innarbeide beløpet i investeringane for 2019

Forslaget frå ordførar Bernhard Riksfjord vart samrøystes vedtatt

Bakgrunn:

Aukra kommune sin hovudplan for vatn vart vedtatt av kommunestyret. I denne plana er det foreslått utskifting av dei resterande 10 km vassleidningar av eternitt i løpet av ein 10-årsperiode. Første etappe som er foreslått er leidninga Rød(Løvikkrisset)-Rindarøya på 2,8 km.

Tabell 3: Utskifting av eternitt

| Stad | Kostnad i 1000 kr | Merknad |
|-----------------------------|-------------------|----------------|
| Rød – Rindarøy | 9300 | Ca 2,8 km |
| Julsundet skole - Eidskrem | 6750 | Ca 2,2 km |
| Skarshaug - Løvika | 7990 | Ca 2,6 km |
| Oppgradering kummer/armatur | 2000 | Kr 500' per år |
| SUM | 26040 | |

Frå Hovudplan vatn Aukra kommune

Om prosjekt 648 115 i vedteke budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021:

«Prosjektet gjeld utskifting av hovudvassleidning av asbestsementrør på strekninga frå parkeringsplass ved Rødabukta og til kryss til Rindarøya. Leidningstrekket er hovudvassforsyninga til industriområdet på Rindarøya. Prosjektet er siste del av fornying av hovudstrekket til eit område med eksisterande og framtidige produksjonsanlegg som må prioriterast for å sikre stabil vassleveranse.»

Prosjektet er gjeve løyve gjennom budsjett og økonomiplan:

| Pro.nr | Prosjektnamn | Budsett 2018 | Budsjett 2019 |
|---------|---|--------------|---------------|
| 648 115 | Hovudvassleidning Løvikkrisset-Rindarøya | 5.000.000 | 4.300.000 |

Med tilleggsbevilling frå kommunestyremøte den 04.06.2018 er den totale ramma for prosjektet på 15 400 000,-.

Utgreing:

Ny hovudvassledning VL 225 PE er prosjektert fra Rødabukta til Rindarøya (sjå kart i vedlegg 1). Det er og prosjektert ny sjøledning ut til Rindarøya då eksisterande leidning har for liten dimensjon. Traseen går langs eksisterande vassleidning. Denne må haldast i drift samstundes som prosjektet pågår. Dette er særst viktig med tanke på industrien på Rindarøya.

Alternativ 0

Saman med konkurransegrunnlaget og tegningsgrunnlaget, vart det utarbeidd ei kostnadskalkyle for prosjektet. Kalkyla viser vesentleg høgare kostnader enn løyvet i budsjettet for planlagt trasé med vassleidninga rundt Obersthaugen.

Trasé for vassleidning rundt Obersthaugen: Kr. 15 414 000,-

Alternativ 2

Aukra kommune har vore i dialog med Vikenco for å informere om prosjektet. Der har det kome fram at dei har planer om å utvide og fyller ut området mot nordaust ved anlegget på Rindarøya. Dei har i den forbindelse innhenta tilbod frå Odd Småge AS om uttak av fjell i Obersthaugen. Dette området er

tidligere regulert til masseuttak jfr. Reguleringsplan for Rindarøy Fiskerihavn, vedtatt av Kommunestyret 19.12.2001. I denne reguleringsplanen er det og inntegna ny veg gjennom Obersthaugen. Vikenco har behov for 35 000m³ faste masser til sin utfylling i sjø. Dette kan sprenge ut i ny veglinje, og vil dekke behovet til Vikenco. Det er i denne traseen tenkt sett på ei alternativ løysning for ny vassledning og kostnadskalkyle er utarbeidd for dette alterativet.

Trase gjennom Obersthaugen inkludert ny veg: Kr. 19 232 000,-

For alternativ 2 er kostnad på ferdig asfaltert veg gjennom Obersthaugen etter vedtatt reguleringsplan (dagens krav til linjeføring og utan bakketopp) kalkulert til om lag 5 millionar kroner. Dette er ein fylkesveg og Statens Vegvesen kan overta vegen etter bygging gjennom ein Utbyggingsavtale. Aukra Kommune kan søkje fylkeskommunen om tilbakeføring av midlane til asfaltering, men ein kjenner til at fylkeskommunen har begrensa med slike midlar. Aukra Kommune har vore i dialog med grunneigar i området, og han er villig til å selje grunn til dette føremålet.

I begge alternativa er alle kostnader med ny vassleidning medtatt, inkludert prosjektering, interne og ekstern byggeleing og det er lagt til reservar på 20%.

Alternativ 0

Det kom inn tre tilbod då anbudsfristen gjekk ut og lågaste pris er kr. 8 025 788,34 eks. mva. noko som er lågare enn kostnadsberekna. Grunnen til at prisane på jobben kom så mykje lavare enn kostnadsberekna, er at det er liten aktivitet innan anleggsprosjekt i denne størrelsen og dette gjenspeilar heilt klart prisane.

Alternativ 2

Det ble i anbudsbeskrivelsen bedt om alternativ pris gjennom Obersthaugen. Denne strekningen er på 180 m, 50 m kortare enn langs eksisterande veg.

Velger en å gå gjennom Obersthaugen og massane er utsprengt og området ferdig planert til underkant ferdig veg, kjem anbudet på kr. 7 560 738,34,- eks.mva. Dette er ein kostnadsreduksjon på kr. 380 850,- eks. mva.

Det har som nemnt tidligere vore dialog med Vikenco om massane. Det er heilt klart ein fordel for alle partar at ny trase for vassledninga blir lagt gjennom Obersthaugen og Aukra Kommune går i dialog med Statens Vegvesen om ein utbyggingsavtale, der Aukra Kommune finansierer ny veg gjennom Obersthaugen mot at ein får tilbakeført pengane innan ein femårsperiode frå Fylket. Det er ikkje innhenta priser for dette alternativet med tanke på asfaltering, fjellsikring og gjerde på toppen av skjæringar enda, men kostnadene på dette skulle kunne dekkast av det som er tildelt av midlar.

Då summen på anbudet no er kjent og begge alternativa på trase er vurdert økonomisk er det ein klar fordel med alternativ 2.


Administrative konsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Deler av dette prosjektet vil omhandle utgifter knytt til Fylkesveg. Denne delen må handterast som driftsutgift og finansierast over kommunen si drift. Når endeleg kostnad for vegopparbeiding gjennom Obersthaugen er kjent, vil ein overføre frå prosjektramma til driftsramme for eininga. Dette blir å kome tilbake til i ei eige tertialsak.

Ingrid Husøy Rimstad

Geir J. Göncz

| | | |
|--|----------------------|-----------------------------------|
|  | Aukra kommune | Arkivsak: 2017/714-10 |
| | | Arkiv: 242 |
| | | Saksbeh: Jan Erik Hovdenak |
| | | Dato: 26.02.2019 |

Saksframlegg

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|--------------|---------------|------------|
| 24/19 | Formannskapet | 04.03.2019 |
| 18/19 | Kommunestyret | 12.03.2019 |

Vedkomande fond for rekruttering, utvikling og omstilling i Aukra kommune

Rådmannen si tilråding:

1. Rådmannen blir delegert fullmakt til å disponere ressursane som til ei kvar tid er tilgjengelege på «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling i Aukra kommune».
2. Fondet blir tilført kr. 2.500.000 for 2019. Summen blir innarbeidd i budsjettkorrigeringssak pr. 30.4.2019.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.03.2019

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Vedlegg

- 1 Saksframlegg PS 62/18
- 2 Vedtak PS 62/18

Bakgrunn:

Aukra kommunestyre vedtok i sitt møte den 9.10.2018 i sak PS 62/18 å opprette «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling i Aukra kommune». Dette fondet erstatta dei tidlegare fonda «Omstillingsfondet» og «Fond for etter og vidareutdanning». Føremålet med det nye fondet går fram av saksframlegget.

Utgreiing:

I sak PS 62/18 vart det gløymt ut å få formelt på plass rådmannen si fullmakt til å disponere fondet.

Budsjett for 2019 hadde ikkje i seg vedtakspunkt 3 i saka: «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling i Aukra kommune» vert årleg tilført kr. 2.500.000.

Administrative konsekvensar:


Rådmannen må arbeide med å oppfylle intensjonane for fondet i si disponering av det.

Økonomiske konsekvensar:

Fondet vert tilført kr. 2.500.000 for 2019.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Jan Erik Hovdenak
Kommunalsjef

| | | |
|--|----------------------|----------------------------|
|  | Aukra kommune | Arkivsak: 2017/714-5 |
| | | Arkiv: 242 |
| | | Saksbeh: Jan Erik Hovdenak |
| | | Dato: 12.09.2018 |

Saksframlegg

| Utv.saknr.: | Utval: | Møtedato: |
|-------------|------------------------|-----------|
| | Administrasjonsutvalet | |
| | Formannskapet | |
| | Kommunestyret | |

Arbeid med rekruttering, utvikling og omstilling i Aukra kommune

Rådmannen si tilråding:

1. Det vert oppretta eit «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling»
2. Fonda «Omstillingsfondet» og «Fond for etter og vidareutdanning» vert avvikla og resterande midlar i desse vert overført til det nyoppretta fondet.
3. «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling» vert årleg tilført kr. 2.500.000
4. «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling» vert brukt til rekrutteringstiltak og etter- og vidareutdanningstiltak, òg grunnutdanning.

Særutskrift:

Bakgrunn:

Kampen om arbeidskrafta blir sterkare og sterkare. Spesielt gjeld dette for kompetansebaserte stillingar. I kommunen er det m.a. vanskeleg å rekruttere barnehagelærarar, sjukepleiarar, lærarar og ingeniørar for å nemne nokre yrkesgrupper. For å handtere denne utfordringa i åra som kjem er det naudsynt med ein bevisst strategi, samstundes som administrasjonen treng verkemiddel å ty til for at kommunen skal trekkje til seg kompetansen vi treng.

Skal omstillingsarbeid ha best mogleg kår for å kunne bli vellukka er det viktig å kunne bruke ressursar til å prøve ut ny organisering og andre og meir effektive måtar å arbeide på. Det er òg viktig å kunne implementere nye system eller endra krav frå myndigheitene på ein so langt som det let seg gjere saumlaus måte.

Det er ei kjennsgjerning at i konkurransen om arbeidskrafta – og sjølvstøtt den best kvalifiserte arbeidskrafta – har mange kommunar innført ordningar som skal gjere det meir attraktivt å kome til dei.

Utgreiing:

Når kommunen skal syte for naudsynt kompetanse på ulike verksemdsområde, er det i hovudsak to «retningar» å gå; ekstern rekruttering eller kompetanseutvikling for allereie tilsette medarbeidarar. I Aukra kommune må det vere attraktivt både å kome som ny og å bli verande i organisasjonen. Sidan 2010 har Aukra kommune hatt fondet «Fond for etter og vidareutdanning» som har vore opent å søke på etter gjevne retningslinjer for allereie tilsette medarbeidarar. I utgangspunktet er ikkje dette fondet brukt til å gje støtte til grunnutdanning. Det har likevel vore nokre unnatak, t.d. har fagarbeidarar i barnehage fått støtte til desentralisert utdanning for å bli barnehagelærarar.

Fondet har i liten grad vore brukt som «reklame» for å trekkje til seg nye medarbeidarar. Framover bør det både opnast for å marknadsføre moglegheitene for vidareutdanning når vi tilset nokon (lovnad om støtte) og opne for å bruke midlar til grunnutdanning. Det kan t.d. vere dyktige assistentar og fagarbeidarar i skole og barnehage som får støtte til å blir lærar/barnehagelærar eller ein helsefagarbeidar som får støtte til sjukepleiarutdanning. Dette er kostnadskrevjande tiltak som må vegast opp mot jobbmarknaden og moglegheitene for ekstern rekruttering og eventuelle særskilte stimuleringstiltak i den samanheng, om det er naudsynt. Som eksempel kan vi anslå at ein fagarbeidar i barnehagen som over 4 år skal ta barnehagelærarutdanning på deltid, vil medføre ei utgift for Aukra kommune på om lag kr. 800.000. Det seier seg sjølv at vi må balansere den type tiltak med andre rekrutterande stimuleringstiltak.

Framover blir det viktig for kommunen å satse vidare, og kanskje enda meir systematisk, på rekruttering gjennom lærlingordninga. Det er få lokale ungdomar som søker vidaregåande utdanning innanfor helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Aukra kommune sitt mål er at alle tilsette minimum skal ha fagbrev og mange tek no fagbrev som vaksenopplæring og vi ønskjer å halde fram med det. Dette er ofte stabile arbeidstakarar. Vi ønskjer òg å gje opplæringstilbod til ungdom frå andre kommunar, men erfarer at det er vanskelegare av orsakar knytt til m.a. bustadsituasjon og pendling. Lærlingar er gode representantar til å fortelje om arbeidet sitt, og kan bidra m.a. i yrkesretteleinga i grunnskolen. Vi skal bli betre på å ta kontakt med ungdomane i grunnskolen på eit tidleg tidspunkt for å orientere dei om jobbmoglegheitene i eigen kommune.

Å være positive til og arbeide systematisk med å tilby praksisplassar for studentar i ulike fag blir viktig i rekrutteringssamanheng.

Aukra kommune skal vere ein aktiv deltakar på relevante rekrutteringsmesser og vere proaktiv i høgskolemiljø mot studentar som enno ikkje ferdig utdanna. I følge rekrutteringsplanen skal vi marknadsføre oss på utdanningsinstitusjonar og jobbmesser.

Vi vil etablere eit fungerande team frå aktuelle arbeidsfelt innanfor PLO, teknisk, skole og barnehage som kan reise på messer og utdanningsinstitusjonar og på andre måtar ha jamleg kontakt med høgskolestudentar for framtidige jobbtillbod.

Hovudtariffavtalen (HTA) kap. 3 § 3.2 seier at vi skal ha ein lokal lønnspolitikk. Lønnspolitisk plan er no under revidering. HTA føreset at løn vert nytta som eit personalpolitisk verkemiddel som skal bidra til å:

- Motivere til kompetanseutvikling
- Motivere til meir heiltid
- Behalde, utvikle og rekruttere
- Sikre kvalitativt gode tenester
- Fremje og ta i vare likestilling mellom kjønna

Den seier òg at den lokale lønspolitikken skal

- legge til rette for faglege karriereveggar og avansementsmoglegheiter

- etablere ein naturleg samanheng mellom arbeidstakarens sin kompetanse, kompetanseutvikling og lønsutvikling og vise korleis ønska og tileigna kompetanse gir uttelling i form av løn.

Løn er eit viktig verkemiddel både for å rekruttere og behalde. Det å då ha i «verktøykassa» moglegheiter for særskilte tilskot for å rekruttere ser rådmannen på som viktig. Det kan òg vere både rett og naudsynt å satse ekstra på løn til yrkesgrupper kor det er vanskeleg å rekruttere og/eller behalde medarbeidarar. I dei lokale lønsforhandlingane i 2017 vart det t.d. gjeve ekstra til sjukepleiarar og fysioterapeutar. Eit anna eksempel på tiltak for å rekruttere og behalde finn vi i barnehagane.

I Rekrutteringsplan for Aukra kommune 2015 – 2018, vedteken av kommunestyret våren 2015, er det lagt særskilt vekt på 3 former for stimuleringstiltak; bustadproblematikk, tilgang til barnehageplass og studiepermisjon/kompetanseheving. Rådmannen legg ikkje skjul på at vi i organisasjonen ikkje har klart å halde trykket oppe med tanke på å bevisst bruke desse tiltaksmoglegheitene ved nyrekruttering. I tillegg står det i planen at vi kan «vurdere løn som verkemiddel for å rekruttere, om vi ser at det er naudsynt i spesielle høve». Vi tydeleggjer no denne siste moglegheita.

Vi har gjeve høgare startlønn (personleg lønsfastsetjing) for personar med utdanning kor det er vanskeleg å rekruttere medarbeidarar, t.d. ingeniørar, helsesøstrer og mellomleiarar. Det vil sjølvsagt vere slik at det over tid kan variere kva for yrkesgrupper som er krevjande å rekruttere. Det medfører òg at det varierer i kva grad kommunen har behov for å «tilby noko ekstra» ved tilsetjing. Ein følgjekonsekvens av dette vil vere at det vil utvikle seg til dels store skilnader i løn mellom personar med same utdanning og kanskje òg i same eining i kommunen. Rådmannen er merksam på dette, og prøver m.a. i lokale lønsforhandlingar å sjå til at desse skilnadane ikkje blir uakseptabelt store. Det er vanskelegare å tilby enkelttilsette innanfor grupper som sjukepleiarar, lærarar og barnehagelærarar ekstra løn, da «lik lønn»-prinsippet står sterkt i arbeidstakarorganisasjonane. For desse gruppene kan det vere meir aktuelt å tilby t.d. ein eingongssum (rekrutteringstilskot) ved tilsetjing, sjølvsagt med bindingstid som krav.

Rådmannen ser behovet for å jobbe meir bevisst med rekruttering i åra som kjem. Dette må sjølvsagt i stor grad skje internt i organisasjonen, ikkje minst i einingsleiargruppa. Lokale kompetanseplanar må òg på plass. Rådmannen ser òg behovet for å få tydeleggjorde rammer og retningsliner å halde seg til når vi skal rekruttere eller for den saks skuld halde på ein medarbeidar som har fått anna jobbtilbod. Det er denne tydeleggjeringa rådmannen ønskjer å få fram gjennom tilrådingpunkta i denne saka.

Vi kjenner godt til gjennom media og offentleg ordsifte generelt at det vil bli knappheit på heilt sentral arbeidskraft i åra som kjem. Dei mest omtala yrkesgruppene er svært sentrale for kommune; barnehagelærarar, undervisningspersonale i skolen og sjukepleiarar. I tillegg har vi yrkesgrupper der vi ikkje treng so mange, men som like fullt er heilt sentrale for å skape ein god og heilskapleg kommuneorganisasjon. Vi tenkjer då m.a. på ingeniørar med ulik spesialkompetanse der òg konkurransen om kompetansen er særskilt sterk med det private næringsliv, psykologar, sjukepleiarar med ymse spesialistkompetanse (psykiatri, palliasjon, kreft, kosthald, velferdsteknologi m. v.), fysioterapeutar, bibliotekarar, helsesekretærar, spesialpedagogar og logopedar.

Det er viktig å erkjenne at Aukra kommune ikkje er dei einaste som har og vil få utfordringar med rett og nok kompetanse. Difor meiner rådmannen det er viktig, både med omsyn til den einskilde tilsette, men òg som ei solidarisk samfunnshaldning, å leggje til rette for so mange heiltidsstillingar som vi klarar. Det er mange årsverk tilgjengeleg dersom fleire arbeider i høgare stillingsbrøk. Det vil ikkje vere rett av oss å t.d. tilby sær gode vilkår for å få tilsette til å kome/bli hos oss i deltidstillingar innanfor fagområde kor det totalt sett er ein kompetansemangel i samfunnet. Samstundes skal vi sjølvsagt òg respektere at det finns naudsynt deltid, m.a. må nokon ha deltidstilling for å kunne stå i arbeidslivet av orsakar knytt til helse. Der har òg Aukra kommune eit ansvar, ikkje minst som IA-bedrift.

Omstillingsfondet vart oppretta i 2014 for å gje rådmannen og organisasjonen naudsynt handlingsrom for å sette trykk på endring og omstilling. Midlane skal brukast til tiltak som medverkar til langsiktig økonomisk berekraft, meir effektiv og rasjonell drift og tiltak som medverkar til heilskap og samanheng mellom einingar og faggrupper. Tiltak som får støtte frå dette fondet skal ha eit utviklings- og innovasjonsfokus og skal ikkje vere ein naturleg del av dei årlege budsjettforhandlingane. Det skal med andre ord ikkje vere tiltak som aukar det ordinære driftsvolumet, men som set organisasjonen i betre stand til å rigge tiltak som seinare går inn i den ordinære drifta eller som er ei midlertidig økonomisk støtte for å lukkast i ei organisatorisk omstilling.

Rådmannen meiner tida no er moden for å sjå midlane som brukast inn i Omstillingsfondet og fondet Tilskot til vidareutdanning i samanheng. Det ikkje er naturleg lengre å skilje tiltaka økonomisk. Nokre år og periodar kan det vere naudsynt å bruke meir på reine rekrutteringstiltak og i andre periodar må og bør meir midlar brukast på utdanningstiltak for tilsette eller omstillingsarbeid i organisasjonen. Det er behov for å opprette eit nytt fond som samlar ressursane som kommuneorganisasjonen skal bruke på desse føremåla. Dei to noverande fonda blir samstundes avvikla.

Rådmannen ser for seg at midlane i det nye fondet kan brukast slik:

- Vidareutdanningstiltak – kompetansegejevande med studiepoeng
- Etterutdanningstiltak
- Grunnutdanningstiltak
- Rekrutteringstiltak – (à la tiltak i rekrutteringsplana; deltaking på messer, promoteringskostnadar, reklamemateriell, studentbesøk etc. etc.)
- Stimuleringstilskot ved tilsetting
- Leiarutviklingstiltak
- Omstilling/organisasjonsutvikling
- Løn under utdanning

Administrative konsekvensar:

Midlane som i dag står i 1) omstillingsfondet og 2) Tilskot til vidareutdanning vert førte vidare inn i eit nytt felles fond. Dette fondet får namnet «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling».

Samla står pr. 20.9.18 1.354.000 på Fond for etter og vidareutdanning. Kr. 6.486.000 står på Omstillingsfondet. Utgiftene som blir førte på desse fonda blir rekneskapsført ved årets slutt, og om lag kr. 2.000.000 er pr. no i 2018 disponert samla for dei to fonda. Det er grunn til å tru dei to fonda - som rådmannen no vil slå saman til eitt i «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling» - ved starten på 2019 samla vil ha ei behaldning på om lag 5 mill.

Økonomiske konsekvensar:

Det nye fondet vert tilført 2,5 millionar årleg.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Jan Erik Hovdenak
Kommunalsjef

Behandling

Helge Kjøll (KRF) sette fram følgjande forslag:

Det vert utgreidd å opprette ei 3 års engasjementstilling med hovudansvar og fokus på rekruttering, utvikling, omstilling og informasjonsarbeid i Aukra kommune. I utgreiinga skal det vurderast om stillinga kan finansierast gjennom «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling». Tidsfrist: 1. halvdel av 2019.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Forslaget frå Helge Kjøll fall med 16 mot 5 stemmer

Vedtak

1. Det vert oppretta eit «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling»
2. Fonda «Omstillingsfondet» og «Fond for etter og vidareutdanning» vert avvikla og resterande midlar i desse vert overført til det nyoppreta fondet.
3. «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling» vert årleg tilført kr. 2.500.000
4. «Fond for rekruttering, utvikling og omstilling» vert brukt til rekrutteringstiltak og etter- og vidareutdanningstiltak, òg grunnutdanning.
5. Rekrutteringsplana for Aukra kommune 2015 – 2018 vert revidert og fornya. Tidsfrist 1. halvdel av 2019.

| | | |
|--|----------------------|-----------------------------|
|  | Aukra kommune | Arkivsak: 2013/22-13 |
| | | Arkiv: 223 |
| | | Saksbeh: Anne Jorunn Sandøy |
| | | Dato: 13.02.2019 |

Saksframlegg

| Utv.saknr.: | Utval: | Møtedato: |
|-------------|---------------|------------|
| 25/19 | Formannskapet | 04.03.2019 |
| 19/19 | Kommunestyret | 12.03.2019 |

Nedbetaling finansiering av Romsdalsmuseet sitt utstillings- og magasinbygg

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommune nedbetaler andel av låneopptak til finansiering av Romsdalsmuseet sitt utstillings- og magasinbygg Krona som ei eingongsutbetaling i 2019.

Nedbetaling av andel låneopptak, kr. 900.887,- vert finansiert ved bruk av generelt disposisjonsfond.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.03.2019

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Vedlegg

- 1 Avtale om finansiering av Romsdalsmuseet sitt utstillings- og magasinbygg

Særutskrift: Romsdalsmuseet

Bakgrunn:

Aukra kommune inngikk med dato 27.01.2014, avtale med Romsdalsmuseet om Aukra kommune sitt bidrag til finansiering av av Romsdalsmuseet sitt utstillings- og magasinbygg Krona, totalt kr.

2.414.403,-. Dette fordelt på eit eingongstilskot kr. 1.513.000,- og andel av låneopptak kr. 901.403,-. Eingongstilskotet vart delt med utbetalingar i 2014 og 2015.

Utgreiing:

Aukra kommune har pr. i dag utbetalt eingongstilskotet, kr. 1.513.516,-. Resterande avtalebeløp kr. 900.887,- er andel av låneopptak som etter inngått avtale skal ytast gjennom ekstraordinære tilskot i 30 år for å betene avdrag og renter.

Det vil vere hensiktsmessig for Aukra kommune å utbetale andel av låneopptak i si heiheit med finansiering ved bruk av generelt disposisjonsfond.

Administrative konsekvensar:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Andel av låneopptak er føreslått finansiert ved bruk av generelt disposisjonsfond.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Anne Jorunn Sandøy
Kultursjef

13/22-5

AVTALE

om

FINANSIERING AV ROMSDALSMUSEETS UTSTILLINGS- OG MAGASINBYGG

- investeringstilskudd og
- ekstraordinære tilskudd

mellom

Stønadsgiver:

Aukra kommune, org nr 964 981 337, 6480 Aukra

og

Stønadsmottaker:

Stiftelsen Romsdalsmuseet, org nr 970 196 544, Per Amdams veg 4, 6413 Molde
(heretter Romsdalsmuseet)

1. Romsdalsmuseets prosjekt "Romsdalsmuseets utstillings- og magasinbygg" er et regionalt prosjekt som finansieres i fellesskap etter slik samlet finansieringsplan:

| Kommune | Folketall per 31.12.2012 | Andel av lån 13.659.000,- | Forutsatt tilsk. finans. | Samlet finansiering |
|----------------------------|--------------------------|---------------------------|--------------------------|---------------------|
| Fræna | 9 614 | 2 595 415 | 4 400 000 | 6 995 415 |
| Rauma | 7 421 | 2 003 388 | 3 507 000 | 5 510 388 |
| Aukra | 3 339 | 901 403 | 1 513 000 | 2 414 403 |
| Nesset | 2 995 | 808 536 | 1 400 000 | 2 208 536 |
| Sandøy | 1 291 | 348 521 | 621 000 | 969 521 |
| Molde | 25 936 | 7 001 736 | 15 500 000 | 22 501 736 |
| Sum | 50 596 | 13 659 000 | 26 941 000 | 40 600 000 |
| GassROR IKS | | | | 8 000 000 |
| Staten | | | | 48 500 000 |
| Fylkeskommunen | | | | 48 500 000 |
| Samlet finansiering | | | | 145 600 000 |

2. Kommunens andel av lån og tilskudd til finansieringen er beregnet i forhold til kommunens innbyggertall pr 31.12.2012, som det går fram av tabellen over i pkt 1.
3. I samsvar med kommunestyrets sak 55/11 med vedtak som innstillingen, deltar Aukra kommune med sin andel av investeringstilskuddet til Romsdalsmuseets prosjekt "Romsdalsmuseets utstillings- og magasinbygg" med NOK 1 513 517. Dette investeringstilskuddet fordeles over tre år fra og med 2013.
4. I tillegg til investeringstilskuddet gir Aukra kommune ekstraordinære tilskudd for å finansiere og betjene sin andel av lån i samsvar med finansieringsplanen. Slike ekstraordinære tilskudd ytes gjennom lånets løpetid på 30 år fra og med 2013 og avsluttes når lånet er nedbetalt.
5. Innbetalinger/overføringer til Romsdalsmuseet gjøres til bankkonto nr 4202 50 17395.
6. Partene forutsetter gjensidig orienteringsplikt ved kunnskap om forhold som kan være av betydning for engasjementet og som det er grunn til å tro at den andre parten ikke vet om.

7. Kontaktperson og rett adressat hos stønadsgiver for varsler m.v. fra stønadsmottaker er: økonomisjef. Tilsvarende kontaktperson hos stønadsmottaker er daglig leder. Dersom kontakten tillegges annen stilling eller adressen endres skal det gis skriftlig underretning.

8. Denne avtalen i to eksemplarer, ett til hver av partene.

Aukra kommune:

Aukra, den 27.01. 2013



Bernhard Riksfjord
ordfører

Stiftelsen Romsdalsmuseet

Molde, den 10.12. 2013



Jarle Sanden
daglig leder

| | | |
|--|----------------------|---------------------------|
|  | Aukra kommune | Arkivsak: 2017/481-33 |
| | | Arkiv: 150 |
| | | Saksbeh: Jane Anita Aspen |
| | | Dato: 04.03.2019 |

Saksframlegg

| Utv.saknr.: | Utval: | Møtedato: |
|-------------|-----------------|------------|
| 29/18 | Kontrollutvalet | 02.10.18 |
| 20/19 | Kommunestyret | 12.03.2019 |

Budsjettforslag for 2019 for kontroll og tilsyn

Kontrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2019 med ei ramme på kr 968 500.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Kontrollutvalet si handsaming – 2.10.2018

I tabell som viser budsjettforslaget for 2019, er det under 1080 Tapt arbeidsforteneste lagt inn kr 20 000,-. Det korrekte skal vere som det står i teksten i saksframlegget; kr 10 000,-.

Kontrollutvalet hadde ingen andre forslag om endringar i forhold til sekretariatets tilråding til budsjett. Utvalet ønskjer å kunne ha høve til å vurdere å bestille eit forvaltningsrevisjonsprosjekt levert i 2019.

Det vart framsett forslag om å endre tilrådinga frå kontrollutvalet slik:

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2019 med ei ramme på kr 968 500.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2019 med ei ramme på kr 978 500.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Vedlegg

- 1 - Kostnadsfordeling sekretariatstenester for 2019
- Innspel til budsjettprosess frå Møre og Romsdal Revisjon IKS datert 28.06.18

Særutskrift:

Bakgrunn:

Med heimel i § 18 i Forskrift for kontrollutval, skal utvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret.

Budsjettforslaget skal synleggjere kontrollutvalet sine egne kostnader og kostnader knytt til revisjon og sekretariatstenester.

Aukra kommune har sekretariatstenester for kontrollutvalet gjennom *Kontrollutvalgs-sekretariatet for Romsdal*, som er eit interkommunalt samarbeid heimla i kommunelova § 27.

Aukra kommune er eigar i Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR IKS), og har revisjonstenester frå dette selskapet.

Vurdering:

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretariatsbistand og revisjon kjem fram.

Det er forskriftsfesta at kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll og tilsyn skal leggjast fram uforandra til kommunestyret. I kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for kontrollutvalsarbeidet står det:

«Budsjettforslag fra kontrollutvalget kan bare endres av kommunestyret. Grunnen til at kontrollutvalgets budsjett er i en særstilling, er at utvalget skal være fritt og uavhengig av de organene som utvalget skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller et organ som kontrollutvalget skal kontrollere og ha tilsyn med, for eksempel formannskapet eller administrasjonsutvalget, får innvirkning på tilsynsorganets budsjetttramme.»

Kommunestyret kan sjølvstekt vedta eit anna budsjett enn det kontrollutvalet føreslår, men administrasjonen skal ikkje ha innverknad på kontrollutvalet si budsjetttramme.

I budsjettframlegget er det lagt opp til at kontrollutvalet avviklar inntil 5 møter i året.

Budsjettforslaget kan spesifiserast som følgjer:

| Konto | Tekst | Budsjett 2019 | Budsjett 2018 | Rekneskap Periode 1-8 |
|-------|--|----------------|----------------|-----------------------|
| 1080 | Godtgjørsle folkevalte | 38 000 | 38 000 | |
| 1080 | Tapt arbeidsforteneste | 20 000 | 20 000 | |
| 1099 | Arbeidsgivaravgift | 8 250 | 8 250 | |
| 1100 | Faglitteratur, aviser | 2 200 | 2 000 | 1 700 |
| 1115 | Beverting | 2 300 | 2 000 | 1 954 |
| 1150 | Opplæring og kursutgifter | 35 000 | 35 000 | 32 754 |
| 1160 | Bilgodtgjersle + diett (oppg.pl.) | 2 500 | 2 500 | 2 311 |
| 1170 | Utgiftsdekning reise | 5 000 | 11 000 | 2 628 |
| 1195 | Kontingenter | 3 500 | 3 500 | 3 500 |
| | Sum kontrollutvalet si eigen verksemd | 116 750 | 122 250 | |

| | | | | |
|------|---|----------------|----------------|---------|
| | | | | |
| 1475 | Kjøp tenester Revisjons M&R revisjon IKS | 750 000 | 330 000 | |
| 1475 | Kjøp tenester KU-sekretariatet | 111 750 | 111 250 | 111 250 |
| | Sum kontrollutval, sekretariat og revisjon | 978 500 | 563 500 | |
| | | | | |

Kommentarar til nokre av budsjettpostane:

1080 Tapt arbeidsgodtgjerdse- I 2017 vart det rekneskapsført 9 474,-. So lang i 2018, er det ikkje rekneskapsført noko, men sekretær har valt å budsjettere med 10 000,- i 2019.

1100 Faglitteratur – Kontrollutvalet sine medlemmer får medlemsbladet til Norges kommunerevisorforbund (NKRF). Dette har mange fagartiklar som er nyttig for arbeidet i kontrollutvalet. Bladet kostar 425,- pr. medlem.

1150 Opplæring og kursavgift – Det er budsjettert med at to utvalsmedlemmar kan delta på kontrollutvalskonferansen til NKRF og på FKT (Forum for kontroll og tilsyn) sitt Årsmøte med fagkonferanse. Utvalet kan gjere ei vurdering av behovet, sidan det er siste året i valperioden.

1195 Kontingenter - Dette er medlemskap i FKT. Størrelsen på kontingenten er bestemt ut frå kommunen sitt innbyggjartal. Aukra kommune sin sats er på 3 500,-. Er den same i 2019 som i 2018.

